

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 3. september 2020 12:59
Til: Johann Roppen
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 30/2020, 3. SEPTEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 30/2020, 3. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

HØGSKULESTYRET: SAKLISTE OG SAKSPAPIR TIL MØTE I HØGSKULESTYRET 10. SEPTEMBER

Det første styremøtet hausten 2020 vert halde torsdag 10. september. Møtet vert halde fysisk i Volda, men blir strøyma. Blant sakene som står på dagsorden er namn på det nye mediehuset, ny campusutviklingsplan, etatstyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, spørsmål om intern flytting av fagmiljøet på DKL (Digital kompetanse i læring)

[Styrepapira er tilgjengelege på nettsidene våre.](#)

HØGSKULESTYRET (2): DIREKTØREN INNSTILLER PÅ NAMN PÅ MEDIEHUSET

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen innstiller til høgskulestyret at [det nye mediehuset bør heite "Sivert Aarflot-huset"](#). Framlegget kom opp etter ein runde der dei tilsette på Avdeling for mediefag og leiinga ved Høgskulen kvar for seg vurderte dei innkomne framlegga. Både Avdeling for mediefag og høgskuleleiinga (dekanane og rektoratet) gjekk inn for Sivert Aarflot-huset. Høgskulestyret avgjer saka i møte 10. september. [Les meir om Sivert Aarflot på Allkunne](#). Du kan også lese [om Sivert Aarflot i Store norske leksikon](#).

HYBRIDISERING (1) 14 KLASSEROM BLIR UTSTYRT SOM FJERNSYNSSTUDIO ("HYBRIDISERTE")

Mange studentar og tilsette opplever hausten 2020 at undervisningsgruppene blir delte opp på to eller fleire rom der undervisninga går parallelt. Grunnen er naturlegvis kravet om ein meters avstand på grunn av korona. For å kunne få til dette må eitt av undervisningsroma ha videokamera og lydutstyr slik at undervisninga kan bli delt med andre. Undervisningsroma blir nærast å rekne som fjernsynsstudio. IT-kontoret kallar dette å hybridisere undervisningsroma og går ut på å utstyre dei med kamera, mikrofon og anna elektronikk slik at undervisninga kan delast med andre. 7 undervisnings rom var hybridisert ved studiestart og 7 nye rom vil om få dagar vere oppe og gå. I samråd mellom IT, fagmiljøa og romtingar har det vorte valt ut kva rom som skal prioriterast hausten 2020. Det kostar nærare kr 40.000 å utstyre eit rom.

HYBRIDISERING (2): DESSE ROMA ER ELLER VERT HYBRIDISERTE

Desse roma var hybridisert ved studiestart: Aa113, Strøm 243, BK157, BK255, Kaarstad 108, Kaarstad 208, Vekselstøm (= Strøm-auditoriet).

Om kort tid vil i tillegg desse roma vere hybridisert: Aasen 108, Aasen 228 AUD, BK161 AUD, Strøm 244, Kaarstad 110, Kaarstad 210, Kaarstad 201.

HYBRIDISERING (3): ALLE KLASSEROM VERT KABLA FOR FRAMTIDIG HYBRIDISERING

Alle undervisningsrom får no lagt inn kablar slik at det skal gå raskt å hybridisere dei i framtida eller å montere mobilt kamera om det trengst til ei eingongshending. Slike tingingar bør kome så tidleg som råd .

HYBRIDISERING (4) BRUK ZOOM

Når undervisninga skal delast ut av klasseromet brukar vi Zoom på vanleg måte. Faglærer kan på førehand opprette eit Zoom-rom i Canvas om eksterne studentar skal vere med. I klasserom som undervisninga skal strøymast til startar faglærer Zoom på felles-pcen og blir med i Zoom-møtet med pålogging via møteromskode og passord.

INTERNASJONALISERING VÅREN 2020: PLANLEGG FOR INN- OG UTVEKSLING

All inn- og utveksling av studentar og tilsette vart stoppa i mars 2020 på grunn av korona, og også for hausten 2020 vart all inn- og utveksling stoppa. No planlegg høgskulen ved internasjonalt kontor for så normal utveksling som muleg våren 2021, både av utanlandske studentar som reiser inn til Volda, og at voldastudentar skal reise ut til partneruniversitet. Volda og Noreg er attraktive område på grunn av låg smitte, godt helsevesen i tillegg til gode studietilbod. Det er truleg berre til og frå europeiske land det i praksis er muleg å drive utveksling våren 2021. Kriseleiinga vil fortløpande vurdere kor trygt eller praktisk muleg det er å gjennomføre studentutveksling, og innan 1. november vil det bli endeleg bestemt om inn- og utveksling våren 2021 faktisk blir gjennomført. Les meir om utveksling på [dei engelske nettsidene våre](#).

NYE NØKKELKORT (1): KJENNER DU "TO-GONGAR"-TRIKSET?

Mange som står ved stengde dører bør passe på om dei brukar to-gonger-trikset: Du må halde kortet nær kortlåsen både før og ETTER at du har tasta pinkoden. Og det er ikkje alle kortlåsar enno som har fått på plass rette tasteflata eller som gir respons med pip for kvart tal i pin-koden. Men det kjem, det kjem!

NYE NØKKELKORT (2): TRAFIKKLYSET VISER OM KORTET VIRKAR!

Vi har opplevd at somme har gløymt pinkoden sin. Du kan både sjekke om kortet ditt virkar og at du hugsar pinkoden ved å bruke kortlesaren på trafikklyset ved kantina i Berte Kanutte-huset. På dagtid kan både tilsette og studentar få hjelp med pinkode i studentsørvis. Når du brukar trafikklyset får du ulik respons ut frå statusen til kortet ditt:

Ingen lys = Døra er låst - kortet virkar ikkje

Blinkar rødt / grønt = Tast inn PIN koda di

Blinkar blått på kortlåsen = Legg kortet på lesaren til det sluttar å blinke

Grønt lys = Døra blir låst opp, kortet ditt virkar

NYE NØKKELKORT (3): ER DU UTELÅST?

Studentar og tilsette som har i haust fått nye nøkkelkort og systemet er i ferd med å bli kvitt barnesjukdomane. Somme opplever at dei ikkje får tilgang til høgskulen på kvelds- og helgetid og dei kan då ta kontakt på e-post til kontaktpersonar hos leverandøren Låsservice: arne@laseservice.no og frode@laseservice.no.

FYSISKE MØTE: MØTEROMA FÅR FÆRRE Plassar

Alle møterom på høgskulen skal no vere koronajusterte: Det skal no vere muleg å halde møte med ein meters avstand mellom deltakarane. Men det betyr at det er plass til halvparten eller færre i dei fleste roma. Talet på møtedeltakarar for kvart møterom er oppdatert i felleskalenderen (Outlook). Alternativet til møterom er å bruke ledige klasserom.

KORONA: UNNGÅ PAPIR OG UTSKRIFTER

Biblioteket opplever av og til at studentar står i kø for å få ta utskrift og det kan vere vanskeleg å halde avstand. Somme av studentane oppgir at det vert kravd av dei å levere inn oppgåver på papir. Høgskuleleiing oppmodar fagmiljøa til å bruke digital innlevering i størst muleg grad for å redusere press og køar rundt skrivarar.

SMITTEVERN PATRULJEN AVSLUTTA: DIREKTØREN TAKKAR DELTAKARANE

I informasjon frå kriseleiinga tidlegare i veka takkar direktør Karen Lomeland Jacobsen alle dei tilsette som deltok på den frivillige smittevernpatruljen dei to første vekene av studieåret. Tilbakemeldingane på smittevernpatruljen var positive og det var viktig å vere til stade på golvet og sjå kva som skjedde ved studiestart. Ei viktig erfaring for mange var at korona-meteren er lengre enn vi trur. Patruljen såg kva område det trengdest merking, og det vart etterpå sett opp både store meter-klistremerker og kø-klistremerker for å hjelpe til med å halde langt nok avstand. På høgskulen er det særleg i to område der vi bør vere særleg merksame på at det kan hope seg opp folk og vere vanskeleg å halde meteravstand, og det er rundt borda i kantina og utanfor idrettsbygget.

"SEI-IFRÅ"-KNAPP OGSÅ FOR TILSETTE

Etter innspel frå AMU og i samarbeid med fleire einingar i fellesadministrasjonen har den såkalla "sei-i-frå"-knappen no vorte oppdatert med tanke på tilsette. På knappen er det muleg å seie i frå eller varsle om problem ein opplever når det gjeld HMS-avvik, arbeidsmiljø, forskingsetikk og spørsmål som gjeld drift. Det er lenke til "sei-i-frå"-knappen på framsida av www.hivolda.no. [Her er direkte lenke til "sei-i-frå"-knappen for tilsette.](#)

HVO-TILSETT HELDT KUNSTUTSTILLING: ROBERT STEINNES HELDT UTSTILLING PÅ TREBÅTFESTIVALEN

I samband med Trebåtfestivalen i Ulsteinvik har Ulstein Kunstlag ei utstilling med kunstnaren Robert Steinnes. Steinnes er lærar og verksmeister ved Seksjon for design, kunst og handverk ved Høgskulen i Volda. [Les meir på nettsidene våre](#).

FORSKING: HILDEGUNN HOVDE I VIKARIAT I FORSKINGSADMINISTRASJONEN

[Hildegunn Hovde](#) har fått eit vikariat som rådgivar i forskingsadministrasjonen fram til jul. Ho skal blant anna arbeide med forskningsetikk, publisering og prosjektutvikling. Leiarane for forskingsgruppene har fått tilsendt eit spørreskjema frå Hildegunn der det blant anna blir spurt etter korleis gruppene arbeider og kva planar dei har vidare.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) ELI-KARIN SJÅSTAD ÅSEBØ, HELGA LØVOLL OG RUNE KRUMSVIK MED TIDSSKRIFTARTIKKEL

Tre HVO-tilsette har i lag publisert ein artikkel i tidsskriftet *Frontiers in Sports and Active Living*. Dei tre forfattarane er [stipendiat Eli-Karin Sjøstad Åsebø](#), [førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll](#) og [professor II Rune Johan Krumsvik](#). Artikkelen heiter: "[Perceptions of Contextual Stressors in Norwegian Physical Education Lessons](#)"

PUBLISERINGAR (3) HJALMAR EIKSUND I "MAAL OG MINNE"

Høgskulelektor Hjalmar Eiksund har publisert artikkelen "[Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt. Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjetten til tiande trinn](#)" i tidsskriftet *Maal og Minne*.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

4.9.2020: [Søkeseminar for ph.d.-utlysingar \(Zoom\)](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskningsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

18.9.2020: Fagdag om nynorsk skriftkultur, Aasen-tunet

23.-24.9.2020: [Karrieredagane](#) (digitalt)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorskcenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

